



«Lending»



# Solund Verft bygger to kystnotfartøy

Solund Verft AS har teikna nybyggingskontrakt for to SC38 kystnotfartøy, konstruert av Seacon AS, Måløy. Reiarlaga er Lending Rederi AS og Vestøy AS, som begge er frå Sogn og Fjordane.

**SAMARBEID** Lending Rederi AS frå Solund har kontrahert Solund Verft AS sitt byggenummer 6. Dette fartøyet skal riggast for fiskeri med snurrevad, ringnot og garn. Det skal byggast med kombinerte fryserom og RSW- kjøling. Fartøyet skal leverast i januar 2014.

Vestøy AS frå Bulandet/Askvoll har kontrahert verftets byggenummer 7. Dette fartøyet skal riggast for fiskeri med snurrevad og ringnot. Det skal byggast med konvensjonell RSW-kjøling. Fartøyet skal vere ferdig i juni 2014.

Nybygga er realisert gjennom samarbeid i det maritime kompetansemiljøet i Sogn og Fjordane, skriv Solund Verft i pressemeldinga.

**OM FARTØYA** Dei to nybygga får ei lengste lengde på 38,55 meter og breidde på 9,5 meter. Lastekapasiteten er på om lag 420 m<sup>3</sup> kombinert fryserom og RSW for byggenummer 6. Lastekapasiteten er på om lag 480 m<sup>3</sup> RSW for byggenummer 7.

Dei to fartøya av typen SC38, er dei to første i den nye generasjon kystnotfartøy frå Seacon AS. SC38 er vidareutvikling av det velprøvde designet SC34, som det er kontrahert totalt ni fartøy av.

– Fleire av desse designa SC34 er utrusta ved verft i Sogn og Fjordane, med dyktige lokale underleverandørar, seier Solund Verft i pressemeldinga og seier vidare: – Solund Verft og begge reiarlaga har vore delaktige i utviklinga av det nye tilskottet til kystnotflåten, og Seacon er stolt over å kunne presentere SC38, som i dag står fram som det ypparste innan design, brukarvennlegheit og eigenskapar innan denne flåtegruppa.

**UNDERLEVERANDØRAR OG FINANSIERING** Både reiarlag, konstruktør og verft, samt hovudtyngda av underleverandørane har lokal tilknytning og adresse i Sogn og Fjordane.

Elektroinstallasjonar skal leverast og installerast av HAFS Elektro, som er heimehøyrande i Solund/Hyllestad. Innreiing skal leverast og monterast av Maritim Montering AS frå Gaular.

Finansiering er ved Sparebanken Sogn og Fjordane som står for både

byggelånfinansiering og finansiering av begge nybygga. Innovasjon Noreg er og inne på finansieringssida for reiarlaga. Wergeland Holding AS er inne som garantistiller og finansiering for byggeverftet.

Det ligg også an til at fleire sentrale underleverandørar på utrustningsida, vil ha regionalt opphav og adresse i fylket. Dermed har ein oppnådd at tyngda av verdiskapinga har sitt opphav og base i Sogn og Fjordane.

Begge reiarlaga og verftet har bak seg eit langvarig kundeforhold, der også større ombyggingsarbeid på deira noverande fartøy er ein del av dette.

**SKROG FRÅ LATVIA** Skroga vil bli bygd ved Riga Shipyard i Latvia og deretter taua til Solund for utrusting. Største delen av utrusting og ferdigstilling vil utførast innandørs i den nye skipshallen ved verftet.

**NORMAL AKTIVITET** – Verftets langsiktige satsing på opparbeiding av verftsfasilitetar, kompetanse og relasjonar i fiskerimiljøet, har no vist seg å gje resultat i form av desse to nybyggingskontraktane, seier Solund Verft i pressemeldinga.

Det er og vesentleg for verftet å framheve at den normale aktiviteten ved verftet, reparasjons- og vedlikehaldsoppdrag framleis vil pågå med tilnærma normal kapasitet sjølv om nybygga er under utrusting.

«Vestervon»

